

MØTEPROTOKOLL

Høgskulestyret

Dato: 20.04.2017 kl. 10:00 – 15:30

Sted: Stord

Arkivsak: 17/00097

Tilstede: Berit Rokne, Arvid Hallén, Kari Kjenndalen, Aina Berg, Gunnar Birkeland, Trond Ueland, Sissel Johansson Brenna, Tom Skauge, Gunnar Yttri, Christine Øye, Marit Ubbe, Åse Neraas, Karin Stormo, Sondre Johan H Riisøen, Ingrid Moe Albrigtsen, Cecilie Engen Fredheim

Protokollfører: Grethe Lønning Grimsbø

SAKSKART		
Vedtakssaker		
<u>26/17</u>	17/00097-24	Innkalling og saksliste til styremøte 05/2017
<u>27/17</u>	17/03512-3	Økonomisk status og analyse for HVL
<u>28/17</u>	17/03200-7	Opptaksrammer for studieåret 2017-2018 for studier ved nærregion Bergen
<u>29/17</u>	17/00704-8	Godkjenning av Master in Maritime Operations
<u>30/17</u>	17/03120-2	Orientering om gjennomført internrevisjon av personvern og informasjonssikkerhet ved Høgskolen i Bergen høsten 2016
<u>31/17</u>	17/04457-1	Mellombelse retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar ved HVL
<u>32/17</u>	17/04459-1	Better Player AS - kjøp av aksjar
<u>33/17</u>	17/03841-10	Tilsetting i stillingar som prorektor ved HVL for perioden 1.8.2017 – 31.7.2021 - Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 25 første ledd
Orienteringssaker		
<u>4/17</u>	17/04016-1	Arealutvikling i HVL - Kort perspektiv
<u>5/17</u>	17/00146-7	Orienteringar til styremøte 05/17

Stord, 20.04.2017

Arvid Hallén

26/17 Innkalling og saksliste til styremøte 05/2017

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.04.2017	26/17

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste.

Møtebehandling

Styreleiar ynskte velkommen til møtet.

Det vart stilt spørsmål ved at det mangla vedlegg til fleire av orienteringssakene, blant anna saka om naturfagmiljøet inn i teknologifakultetet. Når det ikkje er vedlegg til o-saker, bør dette vere merka, slik at ein slepp å leite etter vedlegg som ikkje finst.

Sak 033/17 er u-off. Styreleiar foreslo å handsame denne saka rett etter lunsj. Styret hadde ingen innvendingar til dette.

Styret tok lesepause for å lese referat frå IDF-møtet (delt ut i møtet).

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste.

27/17 Økonomisk status og analyse for HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.04.2017	27/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Nærregionane disponerer sine avsetningar og verksemdskapital i høve til tidlegare styrevedtak og dei føringane som låg i økonomimodellane til dei tre tidlegare høgskulane. Ny samla vurdering vil bli gjort i samband med rekneskap for 2017.

Saka blir elles tatt til orientering.

Møtebehandling

Rektor presenterte saka, og styret diskuterte mellom anna fokusområde som ein meiner det er viktig å følgje opp, både på kort sikt, og når sak om budsjettmodell skal utarbeidast. Ein må sikre at HVL har midlar til strategiske faglege satsingar framover, og at styret kan påvirke bruken av dei midlane ein har til disposisjon.

Styret er godt fornøyd med saka slik ho er lagt fram, ho gir god oversikt og innsikt i dei økonomiske rammene. Det viser også at den økonomiske situasjonen akkurat no er tilfredsstillande. Saka peikar på viktige moment som styret ønsker å følgje opp i framtidige saker som skal behandlast i styret.

Følgjande moment, som peikar fram mot budsjettarbeid og strategiarbeid, vart framheva:

- Det er arealutfordringar, både på campus Bergen og andre campus, som treng snarleg løysing for at det skal vere ein god stad å vere for både tilsette og studentar.
- Det er ynskje om ein personalpolitisk plan med rekrutteringsstrategi og plan for kompetanseheving.
- Styret ytra ønske om å få ei nærare analyse av forholdstalet mellom administrativt og fagleg tilsette for HVL som ikkje er bunden av kategoriane som meldast inn til database for statistikk om høgare utdanning. Mange leiarstillingar ligg i grenseland mellom administrativt og fagleg arbeidsområde.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Nærregionane disponerer sine avsetningar og verksemdskapital i høve til tidlegare styrevedtak og dei føringane som låg i økonomimodellane til dei tre tidlegare høgskulane. Ny samla vurdering vil bli gjort i samband med avlegging av rekneskap for 2017.

Saka blir elles tatt til orientering.

28/17 Opptaksrammer for studieåret 2017-2018 for studier ved nærregion Bergen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.04.2017	28/17

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret viser til foreslåtte opptakstall fra dekanene, slutter seg til rektors innstilling og fastsetter opptaksrammer for ulike avdelinger/programmer/studium ved nærregion Bergen for studieåret 2017-18 i samsvar med tabell 1-3, vedlegg 1
2. Dersom høgskolen får basisfinansiering til flere studieplasser, gis rektor fullmakt til å justere opptakstallene i henhold til forslag fra avdelingene, departementets føringer og styrets tidligere prioriteringer
3. Styret vil på et senere tidspunkt få presentert en samlet statusoversikt over HVL sin totale studieportefølje

Møtebehandling

Rektor presenterte saka, og avklara at HSH og HiSF handsama sine slike saker på eit tidlegare tidspunkt, difor har styret sak som gjeld berre nærregion Bergen. Kristin Ravnanger, utdanningsdirektør i nærregion Bergen, var til stades i møtet for å svare på spørsmål frå styret.

Utfordringa med å finne rett nivå for overbooking vart drøfta. Dette har blant anna samanheng med inntakskvalitet, kapasitet på bygg, kapasitet på praksisplassar, kapasitet på undervisningspersonale og administrasjon, og har innverknad på frafalls- og gjennomstrømningsgrad.

Styret ber administrasjonen komme tilbake til kva tiltak som vert gjort for å hindre frafall og auke gjennomstrømming.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret viser til foreslåtte opptakstall fra dekanene, slutter seg til rektors innstilling og fastsetter opptaksrammer for ulike avdelinger/programmer/studium ved nærregion Bergen for studieåret 2017-18 i samsvar med tabell 1-3, vedlegg 1
2. Dersom høgskolen får basisfinansiering til flere studieplasser, gis rektor fullmakt til å justere opptakstallene i henhold til forslag fra avdelingene, departementets føringer og styrets tidligere prioriteringer
3. Styret vil på et senere tidspunkt få presentert en samlet statusoversikt over HVL sin totale studieportefølje.

29/17 Godkjenning av Master in Maritime Operations

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.04.2017	29/17

Forslag til vedtak:

Styret vedtar at studiet Joint master in Maritime Operations igangsettes fra høsten 2017, forutsatt godkjenning fra det tyske akkrediteringsorganet ZeVA.

Møtebehandling

Styret gav ros til dei som har fått i hamn denne felles mastergraden, som er interessant både fagleg og strategisk, nasjonalt og internasjonalt.

Styret etterspurde studentinteressa til studiet, og fekk opplyst at det er god søkning til studiet, både frå norske og internasjonale studentar. Det vart óg opplyst at det vert nytta frie studieplassar frå KD, i tillegg til at det er bevilga midlar frå MARKOM2020, dvs Næringsdepartementet sine tildelingar til institusjonar som har nautikk-studier.

Ved liknande saker seinare ynskjer styret at saksframlegget orienterer om etterspurnad etter studiet, kva kostnader medfører det, korleis skal studiet finansierast og korleis vert areal- og personalsituasjonen påvirka av studiet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret vedtar at studiet Joint master in Maritime Operations igangsettes fra høsten 2017, forutsatt godkjenning fra det tyske akkrediteringsorganet ZeVA.

30/17 Orientering om gjennomført internrevisjon av personvern og informasjonssikkerhet ved Høgskolen i Bergen høsten 2016

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.04.2017	30/17

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tar revisjonsrapporten til orientering.
2. Styret ber rektor følge opp de nødvendige anbefalingene som fremkommer i revisjonsrapporten for å sikre at kravene i den nye forordning som trer i kraft i 2018 knyttet til informasjonssikkerhet blir ivaretatt for hele HVL.

Møtebehandling

Rektor presenterte saka, og Kristine Tangen var til stades i møtet for å svare på spørsmål.

Styret takkar internrevisjonen for eit grundig og viktig arbeid. Saka viser nytten av gode internrevisjonar.

Styret poengterte at det er viktig å sjå til om dei to andre tidlegare institusjonane har gode system og modellar på dei områda der HiB har hatt manglar, og som kan nyttast og gi læringsverdi i oppfølginga.

Oppfølginga av saka må starte umiddelbart, og styret ser fram til tilbakemelding på status oppfølging i komande møter.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret tar revisjonsrapporten til orientering.
2. Styret ber rektor følge opp de nødvendige anbefalingene som fremkommer i revisjonsrapporten for å sikre at kravene i den nye forordning som trer i kraft i 2018 knyttet til informasjonssikkerhet blir ivaretatt for hele HVL.

31/17 Mellombelse retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar ved HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.04.2017	31/17

Forslag til vedtak:

Styret vedtek forslaget til «Mellombelse retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar ved Høgskulen på Vestlandet». Retningslinjene gjeld fram til permanent reglement er vedteke.

Møtebehandling

Rektor presenterte saka og understreka at dette er mellombelse retningslinjer. Det vert jobba med meir permanente retningslinjer. Desse vil kunne ta inn den dimensjon som manglar i dei mellombelse retningslinjene – den politisk-strategiske dimensjonen, og rolla som høgskulen har inn mot innovasjon.

Styret var nøgd med at det kan vedtakast mellombels retningslinjer. Permanente retningslinjer må ha med den strategiske konteksten, ikkje minst korleis erverv og forvaltning av aksjar er eitt instrument for å sikre høgskulens svar på innovasjonsoppdraget. Nokre i styret stilte spørsmål ved om eigarskap i det heile ville vere eit slik viktig instrument for dette.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret vedtek forslaget til «Mellombelse retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar ved Høgskulen på Vestlandet». Retningslinjene gjeld fram til permanent reglement er vedteke.

32/17 Better Player AS - kjøp av aksjar

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.04.2017	32/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret gjev rektor mynde til å foreta kjøp av inntil 43.500 aksjar à NOK 3,2292 til ein samla verdi av NOK 140.470,- i ein retta emisjon i selskapet Better Player AS, i tråd med premissane i aksjonæravtalen.

Møtebehandling

Rektor presenterte saka, som spring ut frå HiSF. Saka har tidlegare vore handsama i HiSF sitt styre og i interimsstyret.

Tom Skauge foreslo å utsetje saka, då det var lite møtetid att, og det var ynskje frå nokre styremedlemmer om ein prinsipiell diskusjon rundt saka. Det var blant anna uro for at kva presedens eit positivt vedtak kunne skape.

Votering

Forslaget om å utsetje saka fall (med Tom Skauge og Sondre Riisøen si stemme). Forslag til innstilling vedteke mot ei stemme. Sondre Riisøen stemte mot.

Vedtak

Styret gjev rektor mynde til å foreta kjøp av inntil 43.500 aksjar à NOK 3,2292 til ein samla verdi av NOK 140.470,- i ein retta emisjon i selskapet Better Player AS, i tråd med premissane i aksjonæravtalen.

**33/17 Tilsetjing i stillingar som prorektor ved HVL for perioden
1.8.2017 – 31.7.2021**

Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 25 første ledd

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.04.2017	33/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Saka er unnateke offentlegheita.

Møtebehandling

Møtet var lukka.

Votering

Møtet var lukka.

Vedtak

Styret for Høgskulen på Vestlandet gjer følgjande vedtak om tilsetjing i
åremålsstillingar som prorektorar ved HVL for perioden 1.8.2017 – 31.7.2021:

1. I stilling som prorektor for utdanning, med ansvar for nærregion Sogn og
Fjordane:
 - Bjørg Kristin Selvik

Hovudarbeidsstad for stillinga er Sogndal eller Førde.

2. I stilling som prorektor for forskning, med ansvar for nærregion Bergen:
 - Gro-Anita Fønnes Flaten

Hovudarbeidsstad for stillinga er Bergen

3. I stilling som prorektor for samhandling, med ansvar for nærregion Stord-
Haugesund:
 - Liv Reidun Grimstvedt

Hovudarbeidsstad for stillinga er Stord eller Haugesund.

Saknr	Arkivsak	Tittel
4/17	17/04016-1	<p>Arealutvikling i HVL - Kort perspektiv</p> <p>Knut Erik Kismul og Endre Laastad var til stades i møtet og svarta på spørsmål frå styret. Fleire moment kom opp i samtala:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ynskje om oversikt over kva tid kostnadane kjem, og korleis husleigekostnadane vil utvikle seg dei neste åra. • Forventning om ein større analyse, som viser kva handlingsrom ein har å bygge for, og korleis effektiviteten av bruken av det me har er. • Ynskje om at rektor legg fram eit forslag til utbyggings- og prioriteringsplan som styret kan ta stilling til og der alle campusane vert sett under eitt. • På Kronstad 2 må det gjerast vedtak i juni-møtet for at ikkje prosessen skal stoppe opp. Kontrakten med Kruse-Smith er med forbehold om at styret godkjenner bygget og at regjeringsnotat vert godkjent. • Treng løysing på kort sikt på akutte utfordringar i Bergen, men også andre campus har utfordringar. <p><i>Styret ynskjer arealsaka på bordet på kvart møte framover. Avklaringane i desse sakene er viktige, då det berører mange tilsette og studentar.</i></p>
5/17	17/00146-7	Orienteringar til styremøte 05/17
	O-05/17-1	<p>Protokoll frå styremøte 03/17</p> <p><i>Ingen merknader</i></p>
	O-05/17-2	<p>Årshjul pr. april 2017</p> <p><i>Det vart stilt spørsmål ved om datoane for styremøter hausten 2017 som er foreslått i årshjulet er vedtekne.</i></p>
	O-05/17-3	<p>Søkjartal</p> <p><i>Espen Fosse orienterte om søkjartal. Viste óg til pressemeldling.</i></p>

	O-05/17-4	Orientering om møtet med kunnskapsdepartementet om utviklingsavtalen <i>Rektor orienterte munnleg.</i>
	O-05/17-5	Løyving frå KD til utvikling av GLU, jf. pressemelding nr. 42 – 2017 (23.03.17) <i>O-saka hadde ingen vedlegg og styret vart ikkje orientert om saka i møtet.</i>
	O-05/17-6	Sentral beredskapsgruppe <i>O-saka hadde ingen vedlegg og styret vart ikkje orientert om saka i møtet.</i>
	O-05/17-7	Orientering om web <i>Orienteringa og presentasjonen vart utsett til neste møte.</i>
	O-05/17-8	Fakultet – Naturfagmiljøet inn i teknologifakultetet. <i>O-saka mangla vedlegg, rektor og Rasmus Stokke orienterte munnleg og svara på spørsmål frå styret.</i>